

Kyrkjeposten

Kyrkjelydsblad for Etne og Skånevik sokn

Oktober 2017



Haust i Etnefjella

Babysong

Bispevisitas

Sondre Bratland



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik: Eli Synnøve S. Garvik

Soknerådsleiar Etne: Arnold Solheim

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd: Jørgen Hopland

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad

Kyrkjeverje

Tlf. 960 16 864

E-post: kyrkjeverja@etnekyrkja.no



Randi Frette

Kyrkjelydssekretær

53 77 11 75



Per Hjemdal

Sokneprest i Etne

41 12 65 49



Astrid Askeland Johnsen

Trusopplæringsmedarbeidar

90 20 74 21



Stein Ove Skadal

Sokneprest Skånevik


47 48 30 27



Bjørn Stødle

Kyrkjegardsarbeidar

91 19 99 60



Solveig Sørheim

Organist

40 28 68 71

Kyrkjeposten vert distribuert til alle husstandar i Etne og Skånevik. Bladet blir betrakta som offentleg informasjon og nærmiljøblad. Kyrkjeposten er ikkje definert som uadressert reklame.

Kyrkjeposten

Etter lengre tids fråvær, er endeleg Kyrkjeposten tilbake. Her kjem store og små glimt frå kyrkjelivet i Etne og Skånevik. Det er mykje godt arbeid som skjer i kyrkja i kommunen vår, og vi er glade både for å gjere det kjent og invitere alle til å ta del.

Merk at kyrkjelydane inviterer til trusopplæring av ymse slag, både for born og vaksne. *Alle arrangement i kyrkja er opne for alle!* Men av og til sender vi ut særskilde invitasjonar. Då har me berre tilgang til vårt eige medlemsregister. Det tyder likevel ikkje at eit arrangement ikkje er opent for dei som ikkje får slik invitasjon.

Får nokon nyss om noko ein har lyst å vere med på, så er det berre å komme/melde seg på!

Følg gjerne med på facebook for oppdatering om kva som skjer: www.facebook.com/etnekyrkja

KYRKJELYDSFEST

Markering av 5-årsjubileum for Bruktbua.
Tysdag 17.oktober kl. 18.00 på Enge bedehus

Harald Grønnevik blir med, likeså DuoManna.


På festen vil det bli god mat, og **utlodding** til inntekt for kyrkja. Ein av gevinstane er ei dokke med flott Etnebunad!

Bruktbua har vore ein svært viktig reiskap i det å klara dei økonomiske utfordringane me fekk då me bygde den nye kyrkja. Det har gjort at me har kunna betjent låna på ein tilfredsstillande måte. Enno er det mykje lån att, så me er glade for at bruktbua framleis går bra, og at det er mange flittige dugnadsfolk som legg ned ein stor innsats.

Arrangør er Etne sokneråd og Bruktbua.

Alle hjarteleg velkomne!





Ein god leiar

I valtider er det stort fokus på kven som er den gode leiaren, og kva som kjenneteiknar den gode leiar. Kven skal være den som seier kva som er venta av oss?

«Bruk stemmeretten». «Det viktigaste er ikkje å vinne men å delta.» Det er viktig å fortelje at samfunnet ikkje berre er for vinnarar. Politikk handlar ofte om å sjå dei svake. Samstundes handlar det politiske spelet om å finne ein vinnar.

Der er ei flott forteljing om talenta som seier mykje om dette. Les **Matt 25,14-30** og bli vis.

Fortellinga er utgangspunktet for vår bruk av ordet talent. Tre menneske får tildelt 1,2 eller 5 talent. To tar pengane i bruk og 2 blir til 4 og 5 til 10. Dei blir begge møtt med at dei har gjort rett, og lønna vert lik for dei begge. Det seier at Gud ser den einskilde, ser forskjell, utan å gjera forskjell. Det viktige er ikkje kor mykje fortjeneste du skaper, men å ta talenta i bruk. Være det menneske Gud har gitt deg å være.

I fortellinga er fokus på å ta livet og livskrefte i bruk, heller enn å sitte i angst og la livet gå forbi. Her er den som berre fekk eit

talent ikkje gjort til ein stakkar som må frelstast, men til ein person som må stå til ansvar for at ein grev sitt talent i jorda. Livet er der for å levast. Talenta er der for å brukast.

I alle delar av samfunnet er det stort behov for at menneske tar ansvar og bruker sine talent.

Jesus strekar under tre grunnleggande prinsipp:

- Sjå forskjell på folk, talenta er forskjellige.
- Gjer ikkje forskjell på folk, om dei har to eller fem talent er dei like verdfulle.
- Gud / Sjefen/ Livet er ikkje ute etter å straffe deg for at du er dum eller svak eller treig eller... Ditt ansvar er å ta talentet i bruk. «Den som intet våger, intet vinner.»

Guds nåde handlar ikkje berre om frelse. Også dette livet, med talent og moglegheiter, er ei gåve som ikkje er gitt etter fortjeneste men av nåde. Av nåde er eg den eg er.

Stein Ove Skadal



Me gjere det i Eikehaugen!

Friluftsgudsteneste i Eikehaugen høyrer med når det er torgdagshelg i Skånevik, og i år vart der særleg folksamt.



Mannskoret Frimann frå Bryne besøkte Skånevik denne helga, og gleda mange med frisk korsong. Laurdag var dei på scena på torget og hadde konsert i kyrkja om kvelden. Dei avslutta besøket med å vera med på gudstenesta søndag.

Før gudstenesta var det høve til å vera med på natursti frå skulen til Eikehaugen der små og store fekk ulike utfordringar undervegs.

Ei ekstra utfordring hadde organisten denne søndagen. Lars Eirik Tjeldflåt frå Åkra sytte for det musikalske med hjelp av eit trøorgel som kravde sin mann.

Per Hjemdal var prest og Reidar Leknes ringte oss både inn og ut med spett og hammar.

Flott at det og var dåp denne søndagen, dåpsbarnet var vesle Niklas Ribesen.

Også veret spela på lag som det ofte gjer når det er torgdagar i Skånevik. Når dei aller fleste hadde gått heim og mest alt var rydda på plass, kom dei første regndropane.

Eli Garvik, Skånevik sokneråd



Ny port i Fjæra

Fjæra kapell har fått ny port inn til kyrkjegarden. Det er Jørgen Lundal som har laga den nye porten. Materialet er gjenbruk av rekkverk frå kyrkje-trappa. Tusen takk, Jørgen!

Det er løyvd pengar til nytt gjerde rundt kyrkjegarden, så me reknar med at det etter kvart blir dugnad på det nye gjerdet som skal opp.

Skånevik sokneråd ved Inger Mari S. Melkeraaen.

Kyrkjesøndag i Holmedal



Saman med kyrkjelyden i Husnes/Holmedal ble det i tradisjonen tru skipa til gamaldags kyrkjesøndag i Holmedal.

Gudstenesta blei feira i nydeleg ver. Nokre av deltakarane rodde over fjorden frå Skånevik til gudstenesta.

Eivind Savareid



**ETNE
EL. LAG**

Ølen Begravelsesbyrå

DØGNVAKT - Tlf: 53 76 82 03
www.olenbb.no

ETNE - VINDAFJORD - TYSVÆR



Ny parkeringsplass i Etne

Mange har opplevd parkeringsplassen ved Etne kyrkje utfordrande ved større arrangement eller gudstester. Det har ofte vore trengt om plassen, og det har enkelte gonger ført til at dei som bur på Enge og nyttar vegen forbi kyrkja, har hatt problem med å koma fram. Me har forståing for at dette har irritert dei det gjeld og vonar at me nå slepp slike situasjonar framover.

Det låg inne i det kommunale vedtaket om bygging av kyrkja at kommunen skulle opparbeida parkeringsplass og ny veg langs kyrkjetomta. Dette arbeidet har dratt noko ut, men nå er ein snart ferdig og me kan sjå fram mot betre tilhøve. Entreprenør Ernst Grindheim har fått oppdraget og øvste jordlaget er køyrt bort. Det vert fylt på med pukk og grus, og sett ned kummar for avrenning av vatn. Det vert ikkje asfaltert på parkeringa i denne omgang.

Jørgen Hopland som var leiar for byggenemnda for kyrkja seier dette har vore etterlengta. Han såg føre seg at parkering og veg skulle vera på plass samtidig med kyrkja. Slik gjekk det ikkje og ventetida vart 5 år, så han er glad for at dette nå kjem på plass.



*Arnold
Solheim, Etne*



sokneråd



Del dine opplevingar frå kyrkja med oss på Instagram

#etnekyrkja
#gladikirken

Dugnad på kyrkjegardane

2. mai var det kalla inn til dugnad på kyrkjegardane. Været viste seg frå si beste side med sol og god vårstemning. No skulle det ryddast og ordnast slik at dei flotte kyrkjene skulle vise seg frå si beste side fram mot 17. mai og ferietid.

Spenninga var stor på kor mange som ville dukke opp, men ein etter ein kom. Nokon med rive, andre med trillebår og nokon med søppelsekker. Alle med godt pågangsmot!

Med god stemning og godt humør blei gamle lauv raka vekk, trær og buskar klippt bort og løvetannspirene dradd opp frå grusen.

Og då me til slutt var einige om at no såg det mykje betre ut enn før, samlast me i vårsola med ein kopp kaffi og noko attåt og var nøgd med dagens innsats.

Solgun Dalseid



Konsert med Sondre Bratland

Etne kyrkje var fylt til randen då Sondre Bratland, Osternes mannskor og organist Solveig Sørheim skipa til konsert med folketonar frå Vestlandet.

Osternes Mannskor song vakre arrangement over ulike folketonar frå Vestlandet, samla på slutten av 1800-talet av lærar Olav Sande (1850-1927) frå Sogn. Også Etne var representert med ei tone som først var nedskriven her i bygda.

Sondre Bratland er vel kjent i folkemusikk-miljøet, og litt av ein nestor når det gjeld religiøse folketonar. Saman med organist Solveig Sørheim, tok han oss på ei reise gjennom fleire nokså stillfarne melodiar og flotte, religiøse tekstar. Organist Solveig spela denne kvelden heller på harmonium enn på hovudinstrumentet i kyrkja, og saman med Sondre Bratland blei det ein framifrå kombinasjon.

Noko av eit høgdepunkt var det likevel då 5. klasse ved Enge skule entra podiet saman med Bratland. At dei hadde øvd og har erfaring med å synge, var tydeleg. Også dei song ei flott folketone frå Etne, før dei gav oss klassikaren "Gje meg handa di, ven" saman med tekstforfattaren.

Det var stillfaren glede, himmelhåp og kveldstonar. I ei tid der ein ofte talar om norsk identitet, var det iallfall ikkje tvil om at dette var det: både norsk og kristeleg kulturarv som enno lever i beste velgåande. Takk for ei flott oppleving!

Per Hjemdal



Babysong



Frå torsdag 7. september er det babysong i Etne kyrkje. Foreldre med babyar frå 0-1 år er velkomne kvar torsdag kl. 11.00.

"Eg var med på babysong 2016/17. Babyar lærar gjennom song. Foreldre og barn blir betre knytt saman, derfor er babysong ein fin aktivitet for dei som går heime med barn under 1 år. Når ein kjem på babysong sit alle foreldre i ein sirkel på golvet saman med babyane sine. Det vart sunge songar til den enkelte babyen og songar der me song til vår eigen unge.

Babyen elsker at far og mor syng til den, og bryr seg ikkje om kva songstemma me har. I kyrkja er det stor takhøgde, du kjem dei gongene det passar for deg og så er det ok å komma 15 minutt for seint. På babysong treffe me foreldre i same situasjon, så me kunne dela erfaringar med.

Alle er velkomne!"

Astrid Harboe på vegne av Etne sokneråd

Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



ETNE SPAREBANK

- med heile vegen

Enge bedehus

Ikkje berre uteområdet ved kyrkja, men også utsida av Enge bedehus har fått ei sårt tiltrengt oppussing det siste året. I det siste har det vore innsida



Øyvind Matre og Arnold Solheim legg golv sin tur.

Gjennom våren og sommaren har ein gjeng arbeidsvillige og kyndige stått på og pussa opp 2. etasjen i Enge bedehus. Dei gamle linoelumsflisane som mange stader var sprukne og øydelagde er fjerna. No er golvet retta av, og eit flott, nytt golv sett eit heilt anna preg på rommet. Tak, veggjar og alt det trekvite er eller vil bli malt i moderne fargar. Gardinene hadde gjort sin teneste og er bytta ut. Scena er omarbeid og lettare tilgjengeleg, samt at det er gjort klart for betre og enklare audiovisuelt utstyr som snart vil vere på plass. Skiljevæggen mellom stor- og litesal, som hadde sett sine betre dagar, er fjerna og vil bli erstatta etter kvart.

Når dette blei skrive, var ikkje alt på stell, så biletet speglar ikkje kor flott det blir. Men at me har fått ein attraktivt storsal på bedehuset både for møter, festlege tilstellingar og gode, gamaldagse basarar, set heile kyrkjefolket stor pris på. Det er også mogleg å leige lokala til private arrangement.

Tårnet i Skånevik

Alle som har besøkt Skånevik kyrkje har sett at den ærverdige og vakre bygningen ikkje akkurat viser seg på sitt beste for tida. Plakatar med varsel om fare for takras og stor avsperring kring inngangspartiet skjemma litt av turen til eller forbi kyrkja.



På synfaring: Eli Garvik, Jørgen Hopland og Aud Jorun Baustad

Ei lekkasje på taket har ført til råte på ein av dragarane inne i tårnet. Det har igjen ført til at nokre av takskiferen ikkje sit heilt godt. For å vere sikker på at ingen skulle råkast av fallande takskifer, men samtidig unngå at ein måtte stengje kyrkja, var ein nøyd til å skjerme av inngangspartiet som no.

Etne kyrkjelege fellesråd, som er ansvarleg for vedlikehald av kyrkjene, har i lang tid arbeidd for fullt med å få vølt taket og tårnet. Etter at Fellesrådet inngjekk avtale med den erfarne tømmeraren Håkon Kvæstad om voling, var vi heldige og fekk velvillig løyving frå Etne kommune. Dermed kan arbeidet bli gjennomført i løpet av 2018. Men til dess må vi nok diverre tole å sjå sikringsgjerde rundt inngangspartiet.

Søndagsskolen for alle

I september startar søndagsskolen i Etne opp igjen. Barn frå tre år og oppover er hjarteleg velkomne, anten aleine eller saman med ein vaksen.

Barna blir møtt på kyrkjetorget i Etne kyrkje av søndagsskulelærarane Kari Anne Rafdal, Solgun Dalseid Vaa, Anne Jorunn Lindevik, Gerd Toril L. Arnestad og Gerd Elin L. Kringlebotten.

Nokre av samlingane er samtidig med gudsteneste i Etne Kyrkje. Då blir det først ei lita økt inne på gudstenesta, før gjengen samlast for seg sjølv for å syngja barnesongar, opne skattekista, høyra ei forteljing frå bibelen, leika litt saman, gjera aktivitetar og kanskje smaka på eitt eller anna. Dei vaksne håpar og på at det blir så mange born at ein kan dela seg inn i ei gruppe for dei minste og ei for dei større barna.

-Me gler oss til å starta opp, seier Anne Jorunn Lindevik, som og fortel at søndagsskolen nettopp har fått ei pengegåve etter ein givar som brann for søndagsskolen.

Mottoet til søndagsskolen er Jesus til barna og søndagsskulelærarane håpar at mange har lyst å koma og høyra dei fine forteljingane dei planlegg å setja fokus på denne hausten.



Enge søndagsskule held til på Kyrkjetorget i Etne kyrkje. Samlingane er kl. 11.00-12.00. Det vert song, bibelforteljing og aktivitet.

10. september

24. september

8. oktober

22. oktober

5. november

26. november

8. oktober og 5. november er det òg gudsteneste. Me er med på starten av gudstenesta.

Velkomen!



Tripp-trapp-treff



Det er god stemning og mykje folk på Tripp-trapp-treff både i Etne og Skånevik i haust. Trusopplærar Astrid Askeland Johnsen steller i stand med god hjelp frå frivillige, og lager eit godt møtepunkt både for barn og vaksne. Spannande leiker og trivelege leikekameratar er bra! Kvar gong er det og ei samlingsstund der Astrid delar ei ny historie frå den gamle boka. Her går vi med Moses og Israel gjennom ørkenen, eller kanskje Jonas i det han blir eten av ein fisk! Og ikkje minst fortel Astrid gjerne den beste historia ho kan—den som handlar om Jesus.

Så du som sit både med små barn og gode minner frå søndagsskule - eller kanskje aldri riktig kom i gang på søndagsskulen: Her er det bare å ta med dei små og kose seg saman med andre små og store som er glad i god leik og hyggeleg prat. Vel møtt!

Tripp-trapp-treff for born frå 0 - 10 år:

Onsdagar kl. 11 i Etne eller Skånevik kyrkje. Sjå annonse i Grannar eller kyrkjas heimeside:

www.etne.kyrkja.no




Utsmykking

Då Etne kyrkje blei vigsla i 2013, mangla ei hovudutsmykking framme i koret. Rett nok var ein gjennomgåande kross støypt inn i det sentrale betongelementet i korpartiet, men det var likevel ynskje om ei større utsmykking.

Kunstnar Per Odd Aarrestad blei engasjert til å lage utsmykking.

Aarrestad leverte ei 8 meter høg og 90 cm brei søyle av glas, der han tok utgangspunkt i Jesu liv. Han har avbilda dei tradisjonelle "5 stasjonane" i historia om Jesus: fødsel, lidning, død, og oppstode, og Kristi himmelferd som det siste. Kunsten blei innvigd i januar av prost Svein Arne Theodorsen.





STØRST AV ALT

Gud gir—vi deler

Trusopplæring i Etne og Skånevik

Kyrkjelyden har eit tilbod om aktivitetar til barn og unge frå 0-18 år.

Velkomen til å finna din plass i kyrkja vår!

Etne 0-10 år

0 år: Babysang i Etne kyrkje torsdagar.

28. sept, 4., 19. og 25 okt. og 2. nov. Sangstund i kyrka kl. 12. Ope på kyrketorget kl. 11 – 14. Ta med niste. Me har kaffi, te, frukt.

4år: Familiegudsteneste i Etne kyrkje med utdeling av Mi kyrkjebok, søndag 19. nov.

4-årsopplegg i Etne kyrkje tysdagar; 21. og 28. nov og 5. des.

Familiegudst. med juleverkstad, Etne kyrkje 10.des.

5 år: Etne får tilsendt DVD

9 år: Julegåveverkstad på KM-karane sin verkstad på Sørstranda i desember.

Skånevik 0-10 år

4år: Familiegudsteneste i Skånevik kyrkje med utdeling av Mi kyrkjebok, søndag 19. nov. Bli kjent-samling i Skånevik kyrkje laurdag 18. nov.

5 år: Kyrkjerottene får CD og tilbod om samlingar to ettermiddagar i august.

9- 10 år: Bli med på ein dag i Afrika. Laurdag 30. september.

10 år: Hausttakkefest med utdeling av Teikneseriebibelen. Kyrkjekaffi på bedehuset.

Felles for Etne og Skånevik 11-15 år

11 år: LYS VAKEN i Skånevik kyrkje laurdag 9. desember. Familiegudsteneste i Skånevik kyrkje søndag 10. desember.

12 år: Minikonfirmentar i Etne kyrkje for Skånevik og Etne.

15 år: MILK. Eit kurs med vekt på å lære gjennom å gjere. Tysdag 26. sept., 24. okt. og 28. nov. Dette er eit samarbeid med kyrkja i Vindafjord.

Bispevisitas

7.-9. og 12. november

Bispevisitas er ein eldgamal tradisjon. I gode gamle dagar var det biskopen som kom for å inspisere tilhøva, ikkje berre i kyrkjelyden, men i lokalsamfunnet i det heile. Då var biskopen kongen sin øvste tenestemann. I dag er det meir som ein slags sjekk av tilstanden i kyrkjelyden, samt til inspirasjon; ein visitas er ei god måte å profilere kyrkja i lokalsamfunnet.

Når Biskop Halvor Nordhaug kjem til Etne på visitas 7.-9. november er det eit tett tredagars-program, der stor kyrkjelydsfest for alle som vil

er blant høgdepunkta. Sidan biskopen visiterar både Etne og Skånevik kyrkjelyd, er programmet fordelt mellom kyrkjelydane. Festen blir halden i Skånevik idrettshall, men er definitivt for alle! Det blir også skulegudsteneste i Skånevik, medan det i Etne blir møte med lærarar og dei eldste elevane ved ungdomsskulen.

Litt spesielt er det at visitasen inneheld ei open fagkonferanse for kyrkjelege fellelsråd og kommunar i heile regionen. Det skal handle om gamle kyrkjebygg når ein har ny kyrkje i bygda. – Kva skal ein gjera med dei gamle kyrkjene, korleis ta vare på dei, kor mykje og korleis bruk skal dei ha i forhold til ei ny kyrkje.

Elles blir det sjølv sagt møte med dei tilsette, med sokneråd og fellelsråd, og eit møte med leinga i kommunen for å samtale om tema som er av felles interesse.

Biskop Halvor Nordhaug ynskjer å vere på banen både i forhold til samfunnet og den aktuelle samfunnsdebatt, men like mykje ovanfor dei kyrkjelydane han er biskop for. Han er klårtenkt og ikkje redd for å bringe på banen synspunkt på mange områder.

«Me gler oss til biskopen kjem», seier sokneprestane i lag, «sjølv om det tyder ein del førebuing og arbeid. Me er takksame både for positiv profilering av kyrkja, og den bevisstgjerings som biskopen kan bidra med inni vårt daglege arbeid.»

Alle er hjarteleg velkomne til

Kyrkjelydsfest

Tysdag 7. november kl. 18.00

i Skånevik idrettshall

Variert program, god servering.

Visitasgudsteneste

Sundag 12. november kl. 11.00

i Etne kyrkje, med påfølgjande kyrjekaffi etter biskopen sitt visitasforedrag.





Gudstenestekalender

1. oktober	11.00	Skånevik	Familiegudsteneste Hausttakkefest	Stein Ove Skadal
	13.00	Stødle	Høgmesse	Stein Ove Skadal
8. oktober	11.00	Etne	Høgmesse	Stein Ove Skadal
15. oktober	11.00	Skånevik	Høgmesse	Per Hjemdal
	17.00	Frette	Høgmesse	Per Hjemdal
22. oktober	11.00	Fjæra	Høgmesse	Stein Ove Skadal
29. oktober	11.00	Gjerde	Høgmesse	Per Hjemdal
5. november	11.00	Etne	Høgmesse	Per Hjemdal
	18.00	Skånevik	Høgmesse	Stein Ove Skadal
12. november	11.00	Etne	Høgmesse Bispevisitas Kyrkjekaffe m/ visitasføredrag	Biskop Nordhaug, Prost Theodorsen Per Hjemdal Stein Ove Skadal
19. november	11.00	Etne	Familiegudsteneste 4-årsbok	Per Hjemdal
	16.00	Skånevik	Familiegudsteneste 4-årsbok	Per Hjemdal
26. november	19.00	Etne	Høgmesse Lysmesse	Stein Ove Skadal